

ERLEND KLEIVELAND

Mobilnummer **E-postadresse**
415 19 142 erlend.kleiveland@gmail.com

Kontonummer **** * 80521

Vedtaksdato	Vedtaket er gjort av	Søknadsdato	Vår referanse
31.10.2022	Alver kommune	06.03.2022	2022/2133, Agros 185181

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Etablere beitemark på Nævdal GBNR 35/1

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 57 107 kroner i tilskot til ERLEND KLEIVELAND til Etablere beitemark på Nævdal GBNR 35/1. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 15.08.2025.

Alver kommune viser til søknad av 06.03.2022.

Bakgrunn i saka

ERLEND KLEIVELAND søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 06.03.2022. Du søker om totalt 60 428 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.07.2022-30.06.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 105 928 kroner.

Det er søkt om tilskot til å sette opp omlag 1000 meter med gjerde rundt beiteområde i utmark på GBNR 35/1 og 35/3. Det er og søkt om tilskot til etablering av fôringsplass for sau på utegang i det samme området. Drifta på garden er omlag 100 vinterfôra gammalnorsk sau og 25 geiter på utegang. Det er stort behov for meir beiteareal.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til taktet skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Landbruksavdelinga har etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova. Vi meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål, jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §1. Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Landbruksavdelinga meiner at tiltaket er godt og vil bidra til å utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv bruk.

Det er søkt om tilskot til etablering av føringsplass. Administrasjon mener at tiltak er godt og ei smart løysing for å redusere beitetrakkskadar og smittepress ved føringsplass. Det er eit viktig tiltak for drifta. Foringsplass gir økt utnytting av utmarksressursene fordi tilleggsforing kan utvide beitesesongen.

Der det er søkt om gjerde er det i dag naturleg furu, kratt og lauvskog. Det er tidlegare gjort tilsvarande beiting og rydding på dei beita som i dag er i aktiv bruk og grenser til dette tiltaket og dei fremstår som meget flotte innmarksbeite med gode kvalitetar. Geita er ein god pionerbeitar, som gjer beite betre for beiting med sau og andre drøvtyggarar seinare. Arealet som er søkt om gjerde til er ei naturleg utviding av eksisterande beiteareal.

Godkjent kostnadsoverslag : (kommunen bruker standardsats for tilskot pr løpemeter gjerde)

Tiltak (kva)	Kostnad (kroner)
Gjerde 1000 m, 80 kr/m	80 000
Armeringsjern 133 stk, 39 kr/stk	5 187
Plastslange til jernstaur 133 stk, 19 kr/stk	2 527
Køyregrind 4 stk, 1500 kr/stk	6 000
Stein til føringsplass	10 000
Arbeid føringsplass 15 timer, gravemaskin 700 kr /timen	10 500
Sum kostnadsoverslag:	114 214
Sum tilskot: (inntil 50% av kostnadsoverslag)	57 107

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 57 107 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 15.08.2025. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Gjerde skal vera permanent med gjerdenot, toppstreng og bendsletråd
- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein måned før oppsett frist går ut.
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

- Del- eller sluttrapportering av prosjektet gjøres via saken din på altinn. Du finner også skjema med link til altinn på landbruksdirektoratet sine hjemmesider.
- Husk å ta bilder og dokumenter prosjektet underveis, samt ta vare på kvitteringer og før timelister for arbeidet som blir gjort.
- Sluttrapport skal innehalda rapporteringsskjema, timeliste, bilag på innkjøpt materiell og foto av utført tiltak.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskottet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttregneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskottet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskottet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 114 214 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskottet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Maya Greve
Godkjend av: Laila Bjørge